

Samarbeidsavtale mellom DNT Sogn og Fjordane og Luster Turlag

1. Føremål med avtalen

DNT Sogn og Fjordane er ein del av Den Norske Turistforening (DNT). Luster Turlag er lokallag i DNT Sogn og Fjordane sitt medlemsområde 5718, 5741-5749, 5960-5979, 6700-6997. Denne samarbeidsavtalen skal klargjere ansvars- og arbeidsdeling mellom DNT Sogn og Fjordane og Luster Turlag, og leggje til rette for godt samarbeid og trygge rammer.

2. Partane sine plikter

Partane skal ivareta dei pliktene som går fram av vedtekter, retningslinjer og avtalar.

DNT Sogn og Fjordane skal, saman med lokallaga, følgje DNT sitt avtaleverk (jf. DNT sine vedtekter og medlemskapsavtale) og vedtak fatta av DNT sitt landsmøte.

3. Partane sine ansvars- og arbeidsoppgåver

DNT Sogn og Fjordane skal ivareta medlemene sine interesser gjennom praktisk tilrettelegging av turistforeiningsverksemd innanfor sitt arbeidsområde. DNT Sogn og Fjordane har sitt medlemsområde i tidlegare Sogn og Fjordane. Rolla til DNT Sogn og Fjordane er å leie og koordinere samarbeidet mellom dei lokale turlaga, samt vere bindeledd til DNT sentralt og kontaktpunkt for regionale samarbeidspartar.

DNT Sogn og Fjordane:

- arrangerer årsmøte samt årleg fellesmøte for lokallaga
- deltek på landsmøte og andre møte i regi av DNT sentralt
- har etablerte utval som òg varetek samordning på tvers av medlemsforeininga og lokallaga

Oppgåver som DNT Sogn og Fjordane koordinerer på tvers av lokallaga:

- Vidareutvikle fellesskapet gjennom aktivt organisasjons- og strategiarbeid
- Tilby kurs og kompetanse innan turleiing, sti- og merkeaktivitet, hyttedrift og informasjonsarbeid i digitale kanalar i tråd med DNT sine retningslinjer
- Utarbeide felles retningslinjer for sikkerheits- og beredskapsarbeid i tråd med DNT sine føringar
- Tilby opplæring i DNT sine digitale verktøy
- Arbeide med rammevilkår og naturforvaltning på regionalt nivå
- Halde felles digital turkalender for alle lokallaga
- Koordinere samlingar for ulike aktivitetar og tema på tvers av lokallaga
- Etablere og styre prosjekt på tvers av lokallaga
- Arbeide aktivt for å auke den økonomiske støtta gjennom offentlege og private samarbeidspartar

Administrasjon:

DNT Sogn og Fjordane har ein administrasjon leia av ein organisasjonssekretær, som er tilsett av styret. Organisasjonssekretæren har ansvar for den daglege drifta og rapporterer til styret i DNT Sogn og Fjordane.

Medlemskap:

DNT Sogn og Fjordane består av 14 lokallag:

Aurland Turlag, Balestrand og Høyanger Turlag , Flora Turlag, Indre Nordfjord Turlag, Indre Sunnfjord Turlag, Keipen Turlag, Lærdal Turlag, Luster Turlag, Midtre Nordfjord Turlag, Sogndal Turlag, Vik Turlag, Ytre Nordfjord Turlag, Ytre Sogn Turlag og Årdal Turlag.

Det er etablert medlemskapsavtalar mellom DNT Sogn og Fjordane og kvart lokallag.

Årsmøte

To representantar frå kvart lokallag kan møte på DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte.

Lokallaga

Kvart lokallag er ei sjølvstendig juridisk eining med eige organisasjonsnummer, eigne vedtekter, eige styre og eige årsmøte.

Alle DNT Sogn og Fjordane sine medlemmar er medlem av eit lokallag.

Hytter, ruter og stiar er eigde, utvikla og vert vedlikehaldne av lokallaga i tråd med offentlege krav og DNT sine retningslinjer.

Luster Turlag skal:

- Sikre korrekt informasjon om rute- og hyttenett i digitale kanalar
- Organisere eit allsidig friluftstilbod med ulike natur- og kulturaktivitetar, og leggje til rette for tur- og aktivitetsopplegg som omfattar ulike grupper i befolkninga
- Ha kvalifiserte turleiarar i tråd med DNT sine retningslinjer

4. Endringar i avtalen

Avtalen kan endrast med 2/3 fleirtal på DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte.

5. Signatur

Dato: _____

.....

Styreleiar DNT Sogn og Fjordane

.....

Styreleiar Luster Turlag